



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2013

Fylkesrådet for funksjonshemma  
i Sogn og Fjordane



## **Innhold**

Årsmelding 2013 – Fylkesrådet for funksjonshemma .....	2
Overordna målsetjingar.....	2
Sekretærstøtte .....	2
Aktivitetsåret .....	3
Studietur til Venlo i Nederland.....	3
Deltaking i råd, utval og konferansar .....	3

## Årsmelding 2013 – Fylkesrådet for funksjonshemma

Fylkesrådet for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

### Overordna målsetjingar

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikla funksjonshemma sine rettar
- Fremja desentraliserte, integrerte og koordinere tenester.

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008. Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for funksjonshemma har valt Arbeid for alle – også funksjonshemma som hovudfokus i denne val-perioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart følgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

<b>Norunn Lunde Furnes</b> – polititar	varamedlem er:	Ragnar Eimhjellen
<b>Odd Atle Stegegjerdet</b> – polititar	varamedlem er:	Randi Rønnekleiv Melvær
<b>Solfrid Lillebø</b> – FFO <sup>1</sup>	varamedlem er:	Gerd Bjørkedal
<b>Geir Liavåg Strand</b> – FFO	varamedlem er:	Alfred Brusegard
<b>Solfrid Fossberg</b> – SAFO <sup>2</sup>	varamedlem er:	Gry Sætre

Leier av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet.

### Sekretærstøtte

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Rådet har gjennomgåande hatt ei sekretær tilsett i 50 % stillingstorleik. Frå sommaren 2013 gikk sekretær Britt Marie Norheim av med pensjon. Ho hadde siste arbeidsdag 13. juni 2013. Fylkesrådmann har etter den tid stilt generell sekretariatstøtte til rådvelde. Arvid Stenehjem, rådgjevar ved fylkesrådmann sin stab, vart kontaktperson for rådet ut året. Ordninga vert vidareført til ei meir permanent ordning er på plass.

---

<sup>1</sup> Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Med sine 75 medlemsorganisasjoner, som til sammen har mer enn 335.000 medlemmer, er FFO Norges største paraplyorganisasjon for organisasjoner av funksjonshemmede og kronisk syke.

<sup>2</sup> SAFO er en sammenslutning av tre interessepolitiske organisasjoner for og av mennesker med nedsatt funksjonsevne. Vi består av Foreningen Norges døvblinde ([FNDB](#)), Norsk Forbund for Utviklingshemma ([NFU](#)) og Norges Handikapforbund ([NHF](#)).

## Aktivitetsåret

Rådet er eit frittståande organ og fylkessekretæren er difor fagleg ansvarleg ovafor leiaren i fylkesrådet. Personaladministrasjon for fylkessekretæren er lagt til fylkesrådmannen.

Gjennomgåande tema for arbeidsåret har vore arbeid for alle. Dette har gjennomsyra alle møter studiereiser. I samsvar med vedteken møteplan gjennomførte rådet 5 møter i 2013 og handsama 10 saker. Rådet har gjennomført ein vellykka studietur til byen Venlo i Nedreland.

Rådet sin fem møter har vore lagde til ulike stader. Første møte den 5. februar 2013 vart lagt til Firda Produkt i Førde. Det andre møtet vart gjennomført den 17. april på Mona Vekst på Sandane i Gloppen kommune. Det tredje møtet 3. juni var rådet samla på Comfort Florø Hotel i Florø. I dette møtet vart verksemda Origod AS besøkt. Her orienterte dagleg leiar Petter Refsnes om attføringsbedrifta. I møtet av dette møtet vart Britt Marie Norheim av med helsing frå rådet og fylkesordførar Åshild Kjelsnes. Rådet sitt fjerde møte vart avvikla som eit kveldsmøte den 2. oktober på studieturen til Venlo i Nederland. Den 2. desember vart det femte og siste møtet dette året gjennomført på fylkeshuset på Leikanger. Dette vart eit temamøte der rådet inviterte NAV ved direktør Tore Thorsnes. Han orienterte om korleis det er i Sogn og Fjordane med arbeid og tiltak for unge funksjonshemma.

## Studietur til Venlo i Nederland

Det har vore tradisjon at fylkesrådet for funksjonshemma har reist på studietur ein gong i fireårsperioden. Erfaringane med desse studieturane har vore positive både fagleg, og når det gjeld vidare arbeid i fylkesrådet for funksjonshemma. Opplegget for denne studieturen kom til etter drøfting i fylkesrådet i 2013.

Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane vitja Venlo kommune, Limburg region , Nederland i tida 30. september til 4. oktober. Målet var å sjå korleis funksjonshemma menneske vert inkluderte i arbeidsliv og samfunn. Studieturen vart gjennomført etter eit svært godt organisert program. Rådet fekk møte fleire ulike verksemder og både organisasjonar og brukarar. Særleg tykte politikarane i rådet at det var viktig å få møte både politikarar og administrasjon som arbeider med feltet arbeid og helse og sosial omsorg i Venlo. Det er utarbeida ein eigen rapport frå studieturen.

## Deltaking i råd, utval og konferansar

- SOR konferansen i Bergen – 2. og 3. mai leiar og nestleiar deltok
- SOR konferansen i OSLO – heile rådet deltok her den 21. og 22. oktober
- Leiar har delteke i to av møta Trafikktryggleiksutvalet – 3. september m.a. info frå NAV hjelpemiddelsentralen. 9. november vart temaet universell utforming for betre trafikktryggleik
- Arbeidsverkstader – folkehelse. Her deltok rådet i tre ulike møter/arbeidsverkstader
- Høyringsmøter for Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010 – 2013
- Temaseminar II – fysisk aktivitet/folkehelsearbeid den 6. mars i Førde
- Folkehelsedagane på Alexandra Hotell 9. og 10. april



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 61 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)